



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Haavard Stensvand
Telefon: 57643010
E-post: fmsfhst@fylkesmannen.no

Vår dato
07.09.2012
Dykkar dato
17.08.2012

Vår referanse
2012/3522 - 008
Dykkar referanse

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Høyring av NOU 2012:14 - rapport frå 22. juli-kommisjonen

Vi viser til brev av 17.08.2012, der vi vert invitert til å gi til kjenne vårt syn på rapporten frå 22. juli-kommisjonen.

Vi sluttar oss til den rosen til utvalet som er kome frå mange hald. Det har vore viktig å gå kritisk gjennom alt som har skjedd før, under og etter terrorhandlingane, og det er viktig å kunne bruke rapporten til læring.

Vi avgrensar våre kommentarar til nokre få av tiltaka som utvalet tilrår. Kommentaraner er ikkje primært knytt til innsats mot terror og annan svært alvorleg kriminalitet, men er synspunkt som knyter seg til eit breiare spekter av beredskapsoppgåver.

Tilråding nr. 5; Gradert samband

Vi håpar at denne tilrådinga vil verte følgd opp i løpet av nokså kort tid. Det har vore store manglar ved det graderte sambandssystemet i den sivile forvaltninga dei seinare åra. Det har skapt frustrasjonar, og har nok bidrege til ei viss forvitring av den kunnskapen og dugleiken som er nødvendig for å bruke sambandssystemet. Det er viktig å få ei modernisering av det tekniske utstyret, samstundes som det er trong for ei betre organisering av tenesta.

Tilråding nr. 11; Tydeleg målstyringssystem i politiet

I vår oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet til kommunane, får vi jamlege tilbakemeldingar om at politiet ofte kjem seint fram til skadestaden ved trafikkulykker og andre redningsaksjonar. Konsekvensen av dette er at mannskap frå brannvesenet må ivareta oppgåva som innsatsleiar, i tillegg til at dei må utføre politiet sine oppgåver (t.d. trafikkdirigering og sikring av skadestaden). Brannvesenet får på den måten mindre ressursar att til sine primære gjeremål (sløkkeinnsats, frigjering m.v.), og må til dels gjere oppgåver som det ikkje er trena eller utstyrt til å utføre.

Gjennom den såkalla dimensjoneringsforskrifta er det sett klare krav til responstid for den kommunale brann- og redningstenesta. Vi er usikre på om det er mogleg å regulere responstida for politiet på same måte. Vi vil understreke at det òg bør vere eit viktig mål å sikre god kvalitet på politiinnsatsen når den først kjem til skadestaden. Vi meiner likevel at forventningar om reaksjonstid må inn som ein tydeleg del av målstyringa av politiet. Slike forventningar må ikkje berre gjelde dei aller mest alvorlege tilfella, men må vere ein måte å regulere den meir daglege politiberedskapen òg.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Tilråding nr. 21; Kapasitet, fleksibilitet og øvingar i helsevesenet

Vi er fullt ut samde med utvalet sine påpeikingar på dette området. Det er ikkje berre helsevesenet som må sikre at det er ressursar til øvingar. Vi har ei kjensle at det er vorte tyngre å få i gang prosessar med planlegging og gjennomføring av større samhandlingsøvingar dei seinare åra. Det er difor viktig at alle naudetatane har ressursar til slik aktivitet, men at dei òg har ein god evne til å samspele og samhandle med andre aktørar i planlegginga og gjennomføringa av øvingar. I eit fylke som Sogn og Fjordane, med spreidd busetnad, små kommunar og små lensmannskontor, er t.d. samhandlinga mellom det profesjonelle apparatet og dei frivillige organisasjonane svært viktige.

Med helsing

Gunnar Hæreid
Assisterande fylkesmann

Haavard Stensvand
beredskapssjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til Sogn og Fjordane politidistrikt